

Tre netter og dage til toften bandt  
den sterke modige mann;  
den fjerde morgen, da solen rant,  
han skimtet en tåket rand.  
Det var ikke flyktende skyer han så,  
det var fjelle med tinder og skar:  
men høyt over alle åsene lå  
Imenes-sadlen bred og blå.  
Da kjente han hvor han var.

Fra Terje Vigen  
av Henrik Ibsen

# Fiske og fiskeméð langs kysten i Hå

SVERRE VARHAUG OG KRISTIAN FUGLESTAD

Mang ein sjøfarande har som Henrik Ibsens Terje Vigen speida etter kjende merke for å orientera seg. For mange som bur langs Jærkysten har sjøen frå uminnelege tider vore ein viktig matressurs og inntektskjelde og dessutan ein viktig ferdselsveg. Denne opne, verharde strekninga er også frykta av dei som er ute i båt. For å koma trygt ut på sjøen og inn til land og finna att gode fiskeplassar har både fiskarar og andre sjøfarande brukt merke eller méð i landskapet til å ta ut kursen. Méða kunne m.a. få namn etter landskapsformasjonar, botn- eller straumtilhøva, serlege hendingar eller personar, fiske eller fangstreiskap. Sverre Varhaug har sjølv bakgrunn som sjømann, fiskar og gardbrukar. I 33 år arbeidde han på Flyvåpenet sin patruljebåt samstundes som han dreiv gardsbruk og fiske. Gjennom sitt eige yrke og i samarbeid med Hå Historie- og Ættesogelag har han gjennom fleire år samla inn namn og opplysningar knytta til dei gamle fiskeméða frå kommunegrensa mellom Hå og Klepp i nord til Raunen i sør. Han fortel også litt om hamnetilhøva, ulike fiskeri og korleis méða vart nytta. Kristian Fuglestad som er lærar har teke føre seg strekninga mellom Raunen og Egersund og laga ein oversikt over fiskeméða og korleis dei vart brukte i dette området.

## Heimafiske

Under heimafisket før i tida, då dei rodde og segla, fiska dei fleste på Jæren utfrå der dei budde. Det var ikkje godt å sleppa seg langt vekk om det bles opp. Det var båtstør på mest kvar gard, mange hadde og naust der. På Varhauggarden hadde alle som budde der på garden rett til å ha stør og båtplass ved Varhaugstøene. Det same galdt på dei fleste gardar som låg nær sjøen.

Beinskinn (Fjedle). Til høgre skimtar me Sirevåg.  
Foto: Sverre Varhaug, 2000.

## Om landsjø og grunnbrot

Landsjø kallar ein det når sjøen bryt ved land. Grunnbrot er eit anna ord for det same. Ved Grødalstrandstangen er det eit markert skilje når det gjeld landsjø. Sørover herfrå, i gamle Varhaug kommune, er det meir brådjupt like til Øyren. Derfor vert det mykje meir landsjø. Då vert det vanskeleg å koma seg på land og koma seg ut gjennom grunnbrotet. Mellom Øyren og Kvassheim, er det litt betre.

Nord for Grødalstrandstangen er det meir langgrunn like til Revtangen og lenger nord. Her er også fleire naturlege hamneplassar; ved Sørreimsvigjå, Obrestadsvika og ved Nærland. Det hender at sjøen står ved skjera

Tabell over dei ulike fisketidene. Kjelde: Sverre Varhaug.

	JAN	FEBR	MARS	APRIL	MAI	JUNI	JULI	AUG	SEPT	OKT	NOV	DES
Hysebakka												
Torskebakka												
Torsk- og seiegarn												
Lyregarn												
Makrellgarn, svai												
Flufiske: sei, makrell												
Dorging etter sei, lyr, torsk												
Påding etter småsei												
Med hodde og agn etter grunnung												
Harping: sei, torsk, lyr m.m.												
Harping, makrell												
Hummarfiske*												
Sildegarn												
Snurrevad, Sirevåg												
Drivgarn, laks (1960-70 åra)												
Kilenot, laks												

\*I dag sluttar hummarfisket 1. juni og tek til att 1. oktober. Tidlegare slutta fisket 1. juli og starta 1. desember om hausten.

utfør Nærø, men i Varhaugssokna er det mykje landsjø. Derfor må ein lenger ut nord enn sør for Grødalands-tangen for å setja torske- og seiagarn.

Rundt 1900 var det eit livleg makrellfiske med driv-garnskøyter på 25 – 30 fot frå Obrestadvika. Det var fleire skøyter med frå Varhaug. Mannskapet losjerte rundt på gardane på Obrestad. Når dei skulle heim til Varhaug, brukte dei mykje færinger for å ro og segla heim. Men dei måtte gå opp i Brekkå og sjå korleis det var med sjøen innmed land sør for Grødalalandstangen, om dei kunne koma inn i støene lenger sør.

Det var mange støer i bruk i gamal tid, men nå er dei fleste fylte opp med stein og lite i bruk. Dei fekk stygg

medfart under krigen 1940 – 45. Tyskarane øydela alle drette (opptrekk). Dei reiste opp "Hitlertennene" der, og sjøen fekk tak i steinane og øydela dretta. Dei fleste opptrekka vart ikkje reparert etter krigen og det er få i bruk nå.

For å koma ut og inn i støene måtte ein helst vera lokalkjent i därleg ver. Det var faste plasser ein låg *til løyes* for å koma ut og inn om det var landsjø. Då låg ein og venta på pausar mellom dei kraftige sjøane. Ein hadde med på land for å vera på rette plassen især når ein skulle inn. Det var som regel ein gard der sjøen braut seg av. Om sjøen auka, måtte båtane liggja lenger ute for ein visste aldri kor sjøen braut. Då var det viktig å

kunne "ta gode løya". Om det var tung nordvestsjø var det råd å sjå på landet lenger nord, når riene trefta land og ein kunne sjå når dei kom. Det var som regel tre store, så var det ei løya før dei kom att med ny kraft. Det var ein kunst å ta gode løya. Ut måtte ein ro alt det ein kunne, inn var det lettare, då gjekk båt og sjø same vegen. Ein laut passa på så ein ikkje rende og båten skar seg ut. Det same galdt i sørvest sjø, men det var saers vanskeleg i vestleg sjø. Då var det meir skvalpesjø og vanskeleg å sjå.

### Hamner

Det var ikkje hamner på Jæren før hamna i Obrestad vart bygt i 1870-åra. Den vart utvida rundt 1900 og 1960. Tidlegare hadde folk hatt større båtar og skøyter liggjande i Tananger, Sirevåg og Eigersund. Men nå vart det råd for folk å ha større båtar og skøyter liggjande i Obrestad. Det var og råd for kystseglarane å sokja naud-hamn. Obrestad hamn var 9 fot djup då. Hamna i Obrestad vart reparert og fekk nye kaier først i 1960-åra. Etter at det vart fylt på masse vest av hamna har det vorte ei plage med sand som legg seg til i hamna. Det har vore mudra i hamna fleire gonger sidan 1961, men etter fyrste hauststorm vert det fort fylt opp att. Nå er det berre hamn for mindre båtar. Men hamna er betre å liggja i, fyllinga utfør tar av for vind og sjø.

I dei harde 1930-åra vart det sett i gang bygging av hamner på Kvassheim og Madland. Statens Havnevesen stod for det. Det vart bevilga pengar til sysselsetting, og dei fleste frå gardane rundt skreiv seg til å arbeida gratis som dugnad.


Alle hadde store forhåpningar om hamna på Madland, men den vart helst ein skuffelse. Den var litt likare enn støene. Små båtar kunne liggja i hamna, men

den er därleg å koma ut og inn av om det er landsjø. I støene måtte ein helst dra båtane opp mest kvar gong ein hadde vore ute. Hamna vart utvida ein del i 1950-åra. Då vart det betre plass for fleire båtar og betre å liggja i därleg ver.

Kvassheim hamn er betre enn Madland. Det er ei meir naturleg hamn her. Ein kan gå ut og inn i større sjø, og båtane kan liggja fortøyd i hamna i allslags ver.

### Garnfiske etter sei og torsk

Fiske med seie- og torskegarn byrja i februar og varde til påske. Det kunne år om anna vera store fangstar av stor skrubbsei på gjennomsnitt 3 kg. Seien fylgte med silda. Nokre år var det og teke store fangstar av gytt-torsk. Det hende og at det var innsig av stor skrei sume år, det var helst i mars. Den forvilla seg sørover. Nokre år vart det stort fiske etter skrei og torsk ved Karmøy. Mange nordlendingar deltok på dette fisket.



Madland hamn.  
Foto: Sverre Varhaug, 2000.



Kvassheim hamn ein haustdag i 2000.

Foto: Sverre Varhaug

Fisken vart seld rund til folk på gardane. Den vart flekt, salta og hengt opp til turk under "upså" og på vegene til turrfisk. Den vart ikkje sløya, så folk fekk all innmat. Levra vart bræa (smelta) til lyse, som ein brukte i kola, smurde ler og andre ting. Den vart sume tider brukt som malerolje. Innmaten var løypt (slege varmt vatn over) til hønsa og grisens. Alt vart nytta. Etter at jernbanen kom og det var store fangster var det oppkjørparane som sende fisk til Stavanger. Fisken vart kjørt usløya laus i stuttkjerrene og lempa inn på golvet i jernbanevognene. Prisen varierte frå 10 øre opp til ei krone pr. stk.

Fangstmengda varierte frå år til år. I dei seinare åra har det minka med sei og torsk og lyren har overteke. Etter 2. verdskrig må all fisk sløyast før den vert seld på vekt.

### Hummarfiske

Frå gamalt av vart hummarfiske drive med enkle teiner med dobbe på kvar teine. Men rundt 1930 byrja ein å setja dei på bakker eller lenker; ein hadde teiner på ei lang line med ei teine for kvar 10 famn. Færingane brukte 12 teiner på bakkjen, motorbåtar og skøyter 25. Skøyter hadde minst 300 teiner kvar, motorbåtane noko mindre. Dei gamle sa at dette var rovfiske.

Fiske som før vart drive utfor der folk budde vart nå meir fritt. Skøyter og motorbåtar fiska der det var mest å få. Det kom skøyter frå Øynå, Hellvik, Sirevåg og like frå Kirkehavn og Rasvåg på Hidra og deltok i fiske både vinter og vår. Som regel vart hummaren levert kvar laurdag. Dette fisket minka av i 1960-åra. Frå gamalt av var minstemålet på hummar 21 cm, det har auka til 25 cm nå. Det var stor skam å verta tatt i å levera "kokk", for små hummar.

### Sildefiske

Tidlegare når det var store innsig av vårsild, var det fleire år godt botnagarnfiske frå Obrestad og nordover til Revtangen og vidare nordvestover til Karlsmeigrunnen. (Det er på Karlsmeigrunnen og områda rundt dei store tankbåtane ligg oppankra nå.)

Botnagarnfiske var i februar og mars. Av og til var hamna på Obrestad full av sildeskøyter. Sør for Obrestad var der og sild, men sjeldan i store mengder. Derfor fiska dei her stort sett med småbåtar til lokalt og privat forbruk.

På Ognabukta var det i mange år eit godt botnagarnfiske etter sild, men etter 1950 er det fiska lite sild der. Snurpefiske var det sjeldan utfor Jæren. Men i 1938 fekk snurparene Jadarholm av Stavanger full last utfor Varhaug. Etterpå samla heile snurpeflåten seg og låg og lyste etter silda fleire netter. Då såg heile sjøen utfor Jæren ut som ein by.

I 1990-åra er silda komen att på dei søre felta, men det har vore lite fiske, berre litt til huset. Nå må ein ha kvote for å fiska sild til levering.

### Makrellfiske

Var det lite sildefiske sør for Obrestad, så var det betre fiske etter makrell der. Etter at hamna kom på Obrestad, dreiv mange etter makrell i små seglkskøyter utfor Sør-Jæren. Det var dei same skøytnene som var brukta til lossement under sildefiske i tidlegare tider. Då før dei like til Kinn og var med på sildefiske. I Egersund og Sirevåg dreiv dei drivgarnsfiske etter makrell ei stund etter 2. verdskrig.

Dette fisket føregjekk ifrå slutten av april til jonsok. Då kom det maneter og det vart varmare i vatnet. Då var det vanskeleg å halda garna reine og dei måtte bar-



Obrestad hamn 1960. Me ser hummarteinene i forgrunnen.

Foto: Sverre Varhaug.

kast meir. I tillegg kom slåtten så dei fleste måtte vera heime og delta i den. Fisket hadde ein pause då.

Men ifrå byrjinga av hundredagane og utover til oktoberdreibei makrellfiske med makrellgarn som dei sette på svai, d.v.s. at dei ankra dei opp som regel to garn i setningen på 15-20 famnar vatn. Dei sveiv rundt med straumen. Då vart dei gamle pipene brukte som flytemiddel. Pipene var spisse i eine enden i motsetnad til kaggane som hadde flat botn i begge endar.

Parallelt med land sette dei tre garn på settet med to ilar. Garna var 125 masker djupe og 16-18 omfar på alen. Det var eit særspennande fiske. Når ein rodde langsmed garna kunne ein sjå makrell og anna fisk som hadde gått på garna. Men det var mykje arbeid med dette og det var år det var lite fangst. Garna vart sette om kvelden. Kvar båt hadde frå 6-12 garn. Så vart dei dregne om morgonen når det ljosna. Etterpå måtte dei halast opp på rekkjene og turkast kvar dag. Kvar annan eller



Obrestad hamn 1910. Bildet er tatt om våren, me ser makrellgarna rundt heile bukta.

Til høgre, "Oskenauste" sett opp av Jo Obrestad kring 1900 for mottak av oske.

Foto utlånt av Åge Obrestad, Hå.

tredje veke måtte dei barkast med eik og bjørkebork og kateko og andre ting. Om ikkje dette vert gjort rotna garna fort.

Men makrellen var mykje gjevare før enn nå, det kan nemnast at i 1950-åra kunne ein få 1 kr for ein makrell. Sume år kunne ein få mykje småsei og lyrungar i store mengder, ca. 2 stk. på kiloen rund. Den vart salta og eten saltsprengt.

I 1890-åra vart det kjøpt mange seglkutterarar frå England. Der hadde dei gått over til steamtrålarar. Til Norge vart det sold bortimot 500 av seglkutterane. Mange vart bruka til dorgefiske i Nordsjøen etter makrell. Dei tok ut etter slåtten og segla rundt heile Nordsjøen på dorging. Dei var like ned på Doggerbank. Makrellen vart salta ombord. Dei kunne liggja ute mange veker og opptil 2 månader.

Dette fisket stoppa opp i 1914 og kom ikkje noko større i gang igjen etter 1918. Makrellen vart eksportert til England og andre land. Det var fleire ifrå Varhaug som var med på det fisket.

I 1930-åra var det fleire skøyter frå Sirevåg nordover Jæren med snurpenot både morgen og kveld. Under krigen var det stopp med det og i slutten av 1950-åra var det var det heilt slutt.

Etter 2. verdskrig byrja ein å dorga etter makrell innmed land ifrå mai og utover. Etterkvart kom det nylonsen i handel. Då byrja ein å *harpa* (sleppa snøret ned og hala opp) makrell. Det auka på etterkvart. Det kunne alle vera med på då utstyret var enkelt, og etterkvart vart det store fangstar av det. Setjegarnfisket etter makrell var slutt i slutten av 1950-åra. Det som nå vart problemet var å vera av med makrellen. Utover hausten var skøyter og motorbåtar ute like på Revet og kunne koma inn med opptil 8-9000 kg pr. båt til dagen med 4-5 mann



Frå Sirevåg tidleg på 1950-talet. Motorkuttaren Tonny frå Sirevåg var på drivgarnsfiske etter sild og dreiv reke- og silde-tråling. Foto: Sverre Varhaug

som fiska. I 1980-åra kom det automatiske dorgemasiner som ordna alt sjølv, så 2 mann kunne lett fiska opptil 10 tonn til dagen. Nå kjem det fiskarar frå heile Vestlandet og Austlandet og fiskar makrell frå Sirevåg og Eigersund.

### Flufiske

Om hausten sat dei i flua etter makrell og småsei. Det kunne vara lenge utover hausten med det fisket. Dei låg for ile (anker) og fiska med stong. Det blei kasta ut agn av samanblanda sand, fisk og poteter for å samla fisken. Utfor Husvegg var ein god plass i flua, og på Garen utfor Nord-Varhaug var og ein god plass. Men den beste plassen var på Ognabukta. Der samlast det fiskarar frå Sør-Jæren og like frå Åna-Sira. Det fisket kunne vara til jul sume år. Men det varierte frå år til år.

Mannfolka sat i flua etter seien på Garen utfor Nord-Varhaug heile hausten når det var sjøver. Det kom folk langvegs frå og kjøpte sei som dei salta ned for å ha utover vinteren. Seien var rekna i "tjug", 20 tjug var ein god dagsfangst. Mannfolk fiska sei, medan kvinnfolk og ungar var heime og skar åkeren. Skurden var viktig, men seien var viktigare.



### Reketråling

Rekefiske utfør Jæren kom i gang i 1930-åra. Det var sildeskøyter som dreiv tråling når dei ikkje var beskjeftiga med anna fiske. Under 2. verdskrig var det nærmast stopp i rekefisket. Etter krigen tok dette fisket seg opp att.

Det største rekefeltet var på revkanten utfor Norske-reenna på ca. 150 famnar vatn. Der kunne ein dra i fleire timer. Lenger inne var det eit felt utfor Obrestad som vart kalla "Fø' Obrest" av folk lenger sør. Der var det best om hausten når havren var skjær og i februar-mars.

Utover i 1950-åra byrja dei å få store fangstar av stor rognreke utfor Kvassheim nordover til "vest av skogadotten" og Obrestad. Det fisket tok seg opp etter at sildefisket minka av i slutten av 50-åra. Mange reketrålarar frå Hvaler til Stavanger deltok i dette fisket, og det var år om anna teke store fangster av rognreke der. I 1960- og 1970-åra var det 3 reketrålarar på Obrestad, rundt 10 stk. frå Ogna og mange fleire frå Hellvik og Eigersund.

Dei første åra var det mykje feste, og vrak og flyrestar reiv sund nötene. Det vart rive sund mange nötter, men etter kvart vart det meste tatt opp og større vrak



hadde dei méd på. Eit av rekefelta eit stykke utfor Varhaug vart kalla "Pinstihale". Jens Kleven sette namn på feltet.

Under alt fiske utfor Sør-Vestlandet vart Stavanger Consol Radiofyr Varhaug bruka for å finna ut kvar ein var. Seinare kom Decca i tillegg. Nå er det satellittnavigering med GPS.

Etter ein topp i rekefisket i 1960, minka det av med deltaking utover i 1970-åra. Det var eit hardt fiske med lite svevn. Dei unge ville ikkje vera med på dette. Dei gamle slutta av etterkvart. Dei unge fekk seg arbeid i land og i "oljå". Nå er det nærmast slutt med rekefisket. Vinteren 2000 var det berre 5-6 båtar som dreiv reketråling utfor Jæren.

Så godt som alle skøytnene som før deltok i sildefiske og reketråling er vekke. På alle kjente stader frå Tananger til Lindesnes er fisket så godt som slutt. Det er nokre få større båtar i virksomhet.

### Losane


Frå langt tilbake var det losar på mange av sjøgardane. Dette gjekk gjerne i arv frå far til son gjennom mange generasjonar. Det var losar på Kvalbein, Kvassheim, Hårr, Madland, Varhaug, Sør-Reime, Obrestad, Vik, Reve, Vigdel, Rott og Tananger. Den siste losen på Jærkysten var John H. Kvadsheim som loste til ca. 1960.

### Om méd

Eit méd er merke på land nytta til krysspeiling på havet for å finna fiskeplassar. Méda er viktige både for å finna fram til tradisjonelle fiskeplassar og for å finna att fiskereiskap som er sett ut. Forskjellige méd vart nytta alt etter kva fiskeslag ein sökte. Méd og overettmerke vart og brukta ved passering gjennom vanskelege skips- og båtleier. Dei fortel mykje lokalhistorie, og fordi dei går i arv frå ein generasjon til neste, er mange av namna som vart nytta svært gamle. Nokre av méda var hemmelege, andre var slike som alle kjente til.

*For å finna "Skrad'n" tok ein méd på fjellet Sulken som ligg langt inne i landet. Når Sulken låg over husa på Nord-Varhaug, samstundes som ein såg Finnshøien over Skrad'n, då hadde ein médet. Dette médet er langstreckt - alle husa på Nord-Varhaug galdt som siktepunkt.*

*Teikning: Jærmuseet.*



Beinskinn (Fjedle) sett frå Holmestø.  
Foto: Sverre Varhaug, 2000.

Når ein kan sjå to faste punkt som ligg over kvarandre, er den som sikta mot dei på same linje. Om ein har to siktelinjer som krysser kvarandre, har ein médet til den plassen ein er på.

Den eine siktelinja kan vera spissen av eit nes som ligg overrett med mønet på eit hus, det andre kan vera ein stein i strandkanten som ligg overrett med ein haug i bakgrunnen.

I det siste hundreåret har det vore store forandringar på Jæren, især dei siste 50 åra. Landskapet har foran-

dra seg mykje. For hundre år sidan var det så godt som trelaust, nå gror det til med tre og småskog overalt.

Av dei gamle méda er mange borte. *Husveggberje*, som før viste godt att i landskapet, er borte. Det var ein grusrygg som følgde strandvegen ned ifrå postvegen og til sjøen. Lengst oppe byrja den med det høgaste punktet som heitte Høgapig, den var 99 fot over havet. Under krigen 1807-14 vart det reist ein signalstasjon og ei vaktbytte der. Det var ein del av eit system som gjekk rundt heile kysten. Berje var godt å méda på. Heile berget er

vakke nå. Namnet Husvegg har sitt namn etter Husveggberje.

Det har kome til nye store bygningar over alt som viser godt frå sjøen. Det einaste som ikkje har forandra seg er fjella i bakgrunnen.

Om natta ser Jæren mest ut som ein by når ein ser den ifrå sjøen. Gateljosa lyser som perleband mange stader.

Noko av det første tyskarane gjorde i 1940 var å bygga peilestasjonen som seinare vart heitande Stavanger Consol Radiofyr Varhaug. Den skulle brukast for å finna tilbake til Norge etter bombetokt til England. Stasjonen bestod av 3 stk. 50 meter høge stålmaster, ei mast på Hobberstad som var sentermast, ei på Reime aust av garden til Harbo og ei ved Grønhøien på Husvegg.

Engelskmennene hadde også god bruk av stasjonen ved aksjoner i Norge, så stasjonen fekk stå i fred heile krigen. Consolen var bruks av fiskeflåten i mange år etter krigen. Mastene var gode å méda på, så ein del gamle méda vart gløymde. Mastene stod i 56 år, nå er også dei borte.

#### Nokre plassar ein méda på nord-sør

Mellom Revtangen og Nærland méda ein på *Tinghaug* nord av Bryne. Den er god å sjå i disig ver i forhold til kjende fjelltoppar lenger inn i landet. Mellom Nærland og Obrestad brukar ein hus på Nærland og *Håtangen* fyrlykt.

Frå Obrestad til Bodle vart *Sulkjen* bruks. Den ligg i skiftet mellom Mellemstrand og Tjåland. Utfor Varhaug vart *Høien* bruks. Utfor Husvegg, Madland og Årsland vart *Marsteinsbakken* bruks. Tidlegare var det ein einsam gard på kanten av Høgjæren.

#### Nokre plassar ein meda på ut-inn

På ut-inn vert *Fjedle* (*Beinskinn*), det ytre og det indre Fjedle bruks. *Hæen* vart bruks utfor Varhaug. I tillegg vart *Håhusa* (husa på prestegarden) utfor *Fyrtangen* på Obrestad bruks.

#### Méd nord for Obrestad hamn

##### "Fyr i fyr"

Utdor Nærland og nordover vert médet "fyr i fyr" bruks. Det er *Obrestad fyr* over *Håtangen* fyrlykt. Lykta på *Håtangen* vert og nyttas på forskjellige andre punkt.

##### "Elling på Erik" (to bruk på Nærland)// Odlands-kyrkja (Varhaug kyrkje) over forskjellige punkt

Det er eit kjent médet bruks under fiske med torsk- og seiegarn.

##### "Torjer i Brekkå"

Nå er det *Lasse Obrestad* i søre brekkekanter // *Hus* på Nærland over lykta på *Håtangen*. Bruks under fiske med seiegarn.

##### "Reinert i Brekkå"

*Brystet* på løa til *Reinert* i søre brekkekanter // "Thuisahuset" over lykta på *Håtangen*. Dette var "Di' Reime" sin plass. Nyttas under heimefiske med seiegarn.

##### "Dagmerke over innseglingslykta"

Bruks under pilking og harping.

Mellom *Håtangen* og *Fyrtangen* (Det gamle namnet var *Reftangjen*) ligg *Fuglavigjå* med *Hågro'*en utfor prestegarden. Der har dei fiska med kilenot frå langt tilbake. Laksefiske høyrd til Prestegarden så Hå var rekna for å vera eit av dei gjevaste prestegjelta i landet. Sør for *Reftangjen* ligg *Vedabuktå* med *Vedatangen*. Sør for *Vedatangen* ligg ei lita bukt kalla *Pebarvigjå*. Namnet



Frå Obrestad hamn 1960. Båtane ligg lunt i hamna medan sjøen bryt lenger ute. Båtane er bakfrå frå venstre Ms Prestskjær frå Eigerøy, Listerskøyta Dagmar, dei to neste båtane tilhører Endre Viste og Tobias Høyland, den nest fremste Lars A. Reiestad. I bakgrunnen frå v. skøyta til Rasmus Varhaug m.fl. og flyvåpenet sin båt LKV 33 Lofjell  
Foto: Sverre Varhaug

Vedabuktå kjem av Veten på Obrestad, der det i lange tider var vete for å varsle ufred.

Nord for innseglinga til Obrestad hamn er *Nøre Tangen* med *Little gro'* en sørfor. Lenger nord og vest er *Prestskjær* med stake på. Utfor Prestskjær og nordover er *Den store Groen*. Der bryt sjøen fælt i uvér. Ein må ha *husa på Reime utfor Kommel'n* for å gå klar av *Den store gro'* en. Her var det tidlegare godt fiske med laksegarn.

Ufør hamna ligg *Naustertangjen*. Mellom der og *Kommeltangen* ligg *Kalabuktå*. Det er mange skjer der. Utfor *Kommel'tangen* er eit grunnare felt kalla *På Kommel'n*. Det er ein god fiskeplass sume tider.

#### *I Bråde*

Ufør Obrestad mellom Sørreimsvika og Nærland ca. ei nautisk mil, vert kalla "udi Bråde". Der går det fort

nedover frå 40 – 100 famnar og endå djupare. Det ser ut til å vera same formasjon som på land med Obrest'brekkå. Det var og er ein god plass til å fiske med sei- og torskegarn. Ein kunne byrja å setja på 100 famnar. Innover til der dreggen gjekk, kunne det vera 35-40 famnar. Men det er ein farleg plass om det kjem sterk straum, då kan setningen segla utfor og forsvinna. Mange har forlist garnsetningar der.

#### *Sør-Reimsvigjå (Sørreisvigjå)*

Mellom *Kommel'n* og *Grødalstrand* ligg *Sør-Reimsvigjå*. "Udi Bråde" vart det fiska med seiegarn. Méda var *Reimemastrå over Reinert Reime og andre // Husveggmastrå over Elling Varhaug, Jonas Varhaug eller Odlandskyrkja på forskjellige hus på Varhaug*. Lenger inne er ein plass der dei harpa og pilka og dreiv hummarfiske. Innmed land i Sørreimsvigjå vart det før



Naust i Husveggstøene 1924. Finnshøien i bakgrunnen.  
Foto utlånt av Sverre Varhaug

fiska mykje småsei med makrellgarn. Dette er og ein god plass med kilenot.


Mellom *Grødalstrand* og *Garen* er eit méd som vert kalla:

#### *Sulkjen på den nye mannen*

"*Den nye mannen*" var ein som bureiste i Nord-Varhaugmarka aust av postvegen, tidleg i 1930 åra. Seinare var det sold til Elias Tønnesen Reime. Teodor Stokkeland var opphav til det médet.

#### *Garen og Groen*

Ufør *Nord-Varhaug* er eit hardare område som heiter "*På Garen*". Medet er *Sulkjen på Ludvig Nord-Varhaug sørover til Sulkjen på Gustav Nord-Varhaug*. Høgaste del på *Garen* er *Sulkjen på Leif Nord-Varhaug*. Innmed land på *Garen* er ein stor stein eller skjer som vert kalla *Bodlen*. Støene sør for *Garen* vert kalla "*I Bodle*". Dei har nok namnet etter *Bodlen*.



### "I Stabnei"

Dette er eit méd på Garen. Det er *husa på Stavnheim over Finnshøien // Sulkjen over Nord-Varhaug*. Finnshøien var etter gamalt eit kjent landemerke på kysten i vestre kant av Husveggskogen. Husveggskogen er ein av dei første skogplantingane på Jæren frå 1876. Av alle gamle frå "Øynå" vert han kalla "Skogadotten" eller "Skojen".

### "I Skradn"

Médet er *Skradn over Finnshøien // Sulkjen på Nord-Varhaug*. Skradn er den indre garden på Stavnheim. Det er plass til 2 bakker eller lenker à 25 teiner på Garen. Garen er rekna for ein god hummarplass, men i uverdårleg, det er lett å forlisa teinene der. I gammal tid var Garen ein særskilt god plass når dei sat i flu og fiska med

stenger etter sei om hausten. Om hausten samla det seg mange gonger ei heil rei som sat etter seien.

Mellom Klobnesteidn og Bodlen er ei flu som vert kalla den "*Flada Flunå*". Dei gamle sa: "Den 2. mai låg hummaren med den Flada Flunå".

### "Groen"

Lenger utfor Garen er ei grunne som heiter Groen. Det er ein forlengelse av Garen. Médet er *Mælen over Grødal*. Groen går på sørvest utover fra "Fjedle i Stabneisbakken" til "Fjedle i Kvassheimsfyrén". Ein plass på Groen er "Hålå på Groen". Der er det 100 famnar. Det var folk frå Bodle som fiska der før i tida. Det vart fiska der i mellomkrigsåra. Etter krigen har det ikkje vore fiska noko større der. Groen er smal på nord-sør. Er det sterk straum kan ein koma på sida av Groen. Der er det berre søyla. Det kunne vera mykje "longe" (lange) på Groen.

Mellom Bodle og Varhaugstøene ligg ei flu som vert kalla "*den store flunå*". Den ligg litt på nordvest for "Bratlendssteid'n". Eit anna méd på den var "*Det nøra målet kvast*" i den tid det var fotballbane i Bodle sør av Skyarhøien.

Mellom "dei søra og nøra Varhaug". "*Ædene*" var tidlegare ein god fiskeplass med makrellgarn på svai. Det vart og fiska med lyregarn der. Det var og ein god plass med svidde og laksegarn.

Nord for kyrkja var eit godt méd med seiegarn, "*Høien på Gitlane*". Gitlane var det gamle jærhuset på Varhaug som vart rive på 1990-talet.

### På ut – inn var méda

*Hæen over Sivert Husvegg*  
*Hæen i Madland*

### Fjedle i Stabneisbakken

*Høien over den gamle Varhaugkyrkja*: Der er det urein botn med mange feste, så der unngjekk ein å setja garn.

Eit område utfor Varhaugåna vert kalla "*Djube*". Namnet kjem av Djupedalen og Djupedalstangen sør for åna. Tidlegare fiska ein mykje med torskegarn og hysebakka der. "Snurrekastet" nord for "Båden" går og bortover i "*Djube*".

### Médet er

*Heimahuset i Høien over Anthusen // Hæen over Madland*. Anthusen (Antoniussen) er "hjå Losen", nå Oddbjørn Varhaug.

### Tangamédet

*Tangen sør av Varhaugåna*. Eit med bruka under hummarfiske. Stor gravhaug over stor stein sør av Varhaugåna.

### Steinmédet

*Bakkasteinane over Tjeltarsteidn // Årslandsnaustet på Erik N. Årsland*. 10-15 famnar djup. God plass for fiske etter grunnung med hodde og agn. *Tjeltarsteid'n* fekk namnet etter ein mann frå Tjelta som søkte ly der for lenge sidan då postvegen gjekk forbi oppe på bakken. Han fraus ihel og snøa ned. Han vart funnen ute på våren under hummarfiske. *Bakkasteinane* ligg under stor røys under strandbakken. Der fraus Jakob Ådneson Husvegg ihel ein uversnatt 2. mars 1845. Den tid var det snau lyngmark og ingen steingarder, så det var særskilt verhardt.

### "Mæ båden" (Delfinus til BDS)

*Varhaug kyrkje over huset til Ole Varhaug (nå Sverre*

*Varhaug) // Fjedle utfor "Stabneisbakkjen" og // Palle Haarr utfor "Stabneisbakkjen" i dårlig sikt.*

Seie- og torskegarn. harping og pilking. Nordvest for vraket av båten Delfinus, torpedert 5. november 1940 undervegs til Tyskland med hermetikk, er ein god plass med snurrevad, mykje bruka etter torsk og hyse.

#### *Peramédet*

*Hauglandshøien (haug vest av postvegen på Husvegg) over den søre tufta av dei gamle nausta) // skulehuset på Stavnheim over Årslandsnaustet og innover til Nils Årslund. Hummarfiske, lyrfiske med garn og etter grunnung (taretorsk) med agn.*

#### *Méda over ein del fluer utfor Husvegg og Varhaug*

##### *Tangaflunå*

*Heimahuset til Rasmus J. Varhaug overbrunå på Kongevegen.*

Flunå ligg utfor stor stein Varhaugtangen.

##### *Tjeltarsteinsflunå*

Bakkasteinane over nøre kant av Tjeltarsteid'n. Flunå ligg i nøre del av Skrydevigjå som ligg mellom Djupedalstangen og Husveggskiftet. Bakkasteinane ligg under stor røy i bakken hjå Oddmund Rein Husvegg.

##### *Skiftehaugflunå*

*Skiftehaugen over "den Gråe". Skiftehaugen er ein gravhaug på bakken 50m sør av Varhaugskiftet. Den Gråe ligg i ura ned av Skiftehaugen.*

##### *Skeieflunå*

*Finnshøien over stor Stein sør av støen. Skeieflunå fekk namnet då ein båt frå Skeie på tur til Holmane med hummar seglde på og kantra for mange år sidan. Etterpå vart*

det fiska mykje bunden hummar, lengre ute, sørvest av støene.

##### *Skidarflunå*

Ligg sørvest av Skidaren (ca. 100 m sør av Varaskjerå.)

##### *Sjømed utfor Årslund og Madland (ETA):*

Utfor Madland og Årslund er det meir slakgrunn enn lengre nord. Méd bruka under fiske med torske-og seiegarn var *Marsteinsbakken* på forskjellige hus // *Fjedle* (det ytre og indre) var bruka på forskjellige plassar innfor Hårr.

##### *I Madland*

*Marsteinsbakken over Madland // Fjedle over Tvhauge. Tvhauge låg mellom Stavnheimsvika og Hårråna på vestsida av Postvegen. Dei er vekke nå.*



*Médet Skiftehaugen over den Gråe.*

*Foto: Sverre Varhaug, 2000.*

##### *Méd bruka under fiske med hysebakka*

##### *Marsteinsbakken*

*over Madland sørover til Tjøl Jonassen // Fjedle over transformator innfor Hårr utover til Fjedle over Kvassheimsfyren.*

##### *Aurgådå*

Aurgådå var ein aurbane på Hobberstad. Den er ikkje synleg lengre. Den låg nær husa til Helmik og Johannes Hobberstad. *Aurgådå over Varaskjerå utfor Madland.* Her er det 12 famnar djup. Médet var bruka under hummarfiske og når ein sat etter "grunnung".

##### *Méd fra Stavnheim og sørover (JH)*

##### *Bruhåle*

Når ein er på ein bestemt plass, kan ein sjå himmel gjennom undergangen på postvegen nord for Hårråna. Det er ein "reint rasande goe' plass", sa Anton Madland

##### *Bekkjadalen*

*Kiosken med Anders Stavnheim over løa til Albert Stavnheim//Skogen på Kvassheim over røysa til Laurits Haarr.*

##### *Hårråna*

*Gunnar Høien over steid'n på nordsida av ånå // Beinskinn over Kvassheimsfyren eller Beinskinn over Reinert i Kleivå. Brukt under hummarfiske og pilking.*

##### *Hårrflunå*

*Kufjedle over stadlen til Laurits Haarr // Beinskinn over Kvassheimsfyren.*

##### *Flye*

*Meieripipa over Rimesten på Hårr // Beinskinn over baugen på båten på Raud'n.*

"Baugen på båten" var etter "Nyegg" som forliste der under krigen.

##### *Knegå*

*Jonas Vod'l over Hårrskeid // skulehuset på Stavnheim over Røsenesen (Ole Gundersen)*

##### *Øyrtangen*

*Hårrskeid over Øyrarudlå // Husveggskogen over Skarsteid'n.*

Der låg dei i flua etter makrell.

##### *Bakkamé*

*Kvassheim over Haugstadgarden, Likholen på Hårrskeid // "den Blåe" over Eigerøyfjren.*

##### *Kvassheimstangen*

*Grønhøien på fyren eller Hårrskeid over nausta på Øyren // Beinskinn over lykta på Raud'n.*

Harping og pilking.

##### *Raunaflua*

*Grønhøien (legg opp av Friestad på grensa mot Stokke land) over Hesten (stor stein ca. 500 m sør for Kvassheim fyr.) // Beinskinn over Raunen. Ca. 8 famnar. Hummarfiske, dorging og garnfiske.*

##### *Husagroen*

*Tobias Friestad (Bjørn Friestad) over redningsnaustet // Odlandskyrkja over Hårrskeid.*

Ca. 5 famnar djup.

##### *Klakkjen*


*Cornelius Qvalbein over Raumasteinen // Odlands-*

kyrkja (Varhaug kyrkje) over Kvassheim fyr. Det er ein rund skolt, 4 famnar djup på toppen.

#### **Andre namn brukte som méd**

Pighau, Møgasteid'n, Råsane, Sikvalandskulå, Trikanten, Moifjedle, Humraskjerå.

Husveggstøene. Foto: Sverre Varhaug, 1999.



## Fiskeméd på strekninga Raunen – Egersund

Strekninga Raunen - Egersund (kommunegrensa) er eit område der det har vore drive eit svært omfattande yrkesfiske etter allslags fisk og hummar. Spesielt har Ognabukta vore eit rikt fiskeområde.

I Ognabukta er det langgrunn sandbotn med enkelte fluer innimellom. Lenger ute finn vi ein lang steinrygg som går ut i havet ved Kvalbein og dannar Raunagarden og Raunen, for så å halda fram som ein undersjøisk rygg like til Lista. Dette er den kjende Listamorenens som er ein endemoren fra siste istid. Lokalt vert denne kalla Brædde, Steinkanten eller Steinreset.

Méd: Anton på Raunen (Løa til Anton Kvalbein, nå Kirsti Alice Kvalbein over Raunen).

Langs denne steinkanten ligg dei fleste fiskeplasane. Utanfor er det mudderbotn.

Fisket har vore drive med dei fleste reidskapstypane, og frå ca. 1925 blei snurrevad eit mykje nytta reidskap. Frå midten av femtitalet gjekk fisket tilbake, og ca. 1970

var så godt som alt yrkesfiske slutt.

Grunnen til dette var at fisken rett og slett forsvann. Gamle fiskarar seier at næringsgrunnlaget for fisken blei borte. Den aukande trålarflåten i Nordsjøen er ein mogleg grunn til dette.

I dag (1996) er det svært lite yrkesfiske i området, men det vert drive ein god del fritidsfiske.

#### **Høge méd - låge méd.**

I klart ver blei det som regel nytta høge méd, dvs. eit punkt oftast i synsranda over eit punkt nær havet. I uklart ver var det ikkje råd å sjå dei høge méda, og det blei då brukt godt synlege punkt som låg nærmare. I mørkret blei det og nytta lyspunkt som méd.

#### **Klakkjen**

«Olsahuset» (kvitt hus ved sjøen nord for Holmestø) rett over Raunen // Varhaug kyrkje over Kvassheim fyr.

Eller: «Den blåe» (Kviksfjell i Sokndal, like sør-aust for Mong) i øystre kant av Segleisfjellet (Vedafjellet på Ytstebrød, N-Egerøy). (KN)

Kvalbeinsløa (løa hos Kåre Qvalbein) over Raunasteinen // Odlandskyrkja (Varhaug kyrkje) over Kvassheim fyr. (MM)

Huset til Martin Qvalbein (no Kåre Qvalbein) over Raunasteinen // Odlandskyrkja på huset til Jonas Heien på Hårrskeid. Eller: «Den blåe» over Segleisfjellet. (HK) Her blei det fiska lyster og hummar. Det blei nytta dorg og garn.

#### **Skotaklakkjen**

Liten grunne sydost av Klakkjen. Trikammen (tre-takka fjellkam rett sør for Grønåsen i Lintjørnsmarka) på Nore Varen (Vardatua) // Hætuå (i Vatnamotsmarka) på Vestre odden (vest for innseglinga til Sirevåg). (KN)

Bjørndalen (Bjørndalsnipen) på Vardatua // Kvassheimsfuren på Raunen. (MM)  
Omlag 10 famnar djupt. Hummarfiske.

#### **Krotle**

Lang grunne rett ut for Varden. Trikammen over Vardane (alt mellom Søre- og Nordre Varatua) // Hætu over Skorveholmen (i Sandarvågen). Eller: Eigerøy fyr over ytre kant av Havstangen (Haver).

«Olsahuset» over «Svarste steinen» ved Holmestø går ein langs indre kant av Krotle. (KN)

Vieskåra (halve) (på Egerøy) på ytre enden av Havstangen (utsida av Krotle) // Bjørndalen på nordre kant av

Vardatua. Eller: Kallesteinen (fjell i Lintjørnsmarka nord-aust for Mjølhus) på Varden. (MM)

Bjørndalen over Varden // Eigerøy fyr frå Havstangen til Tviboen. (HK)

Her blei det fiska hummar og allslags fisk. Det blei nytta snurpenot og dorg.

#### **Husagroen**

Odlandskyrkja over Hårrskeid // Korphaugane (huset) over huset til Ivar Kvadsheim. (HK)

#### **Raunaflua**

Odlandskyrkja over Hårrskeid // Korphaugane (huset) over Kvassheim fyr. (HK)

#### **Kredjen**

Trikammen på holmenden (ytre kant av Ognaholmen) // Kvassheim fyr over huset på Raunen. Eller: Hætu på Vestre odden. (KN)

Kvassheimfyren over posshuset på Raudn (rund bygning på innsida av huset på Raunen) // Grønåsen synnan i Vardaskjæret. (HK)

Skeiv steinrøys, grunne. Ca. 9 - 13 famnar djupt. Her begynner «Steinkanten». Her blei det fiska torsk, hyse, sei og lyster. God hummarplass. Det blei nytta garn, snurrevad, line, bakk og pilk.

#### **Reiberje**

Søre Bjørndalen litt i nordsida av Vardatua // Segleisfjellet på Havstangen. Eller: Hætu på fyren (innseglinga til Sirevåg). (MM)

Ei steinrøys. God hummarplass. Vraket av «Tore Hund» ligg her.

### Tangarennå

Smal renne med sandbotn. Ligg på utsida, sydvest av Krotle.

Trikammen mellom Søre- og Nordre Varden // Hætua i indste kant av fyrlykta i Sirevåg (Persodden). (KN)

### Søre enden av Tangarennå: Tangaflua.

Trikammen på nordre enden av Vardaskjæret // «Høge hauen» (ca. Stokkaland) på «Svarte steinen» (ved Holmestø). (MM)

### Nordre enden av Tangarennå

Bjørndalen over Vardatua. (MM)

### Midt i Tangarennå

Eikåsen (i Lintjørnsmarka) over Vardatua. (MM)

Bjørndalen over Søre- til Nordre Varden // Eigerøy fyr, ytre kant over indste kant av Tviboen. (HK)

Her blei det fiska mykje makrell med stong om haus-ten. Det kunne vera 70 - 100 båtar, færingar og motor- båtar.

### Svinkå

Ligg sør for Holmestø.

Huset til Trygve Kverme over Laksaberje // Borgaberje over Holmestø. (HK)

Her blei det fiska flyndre med snurrevad.

### Steidn

Huset til Trygve Kverme mellom Laksaberjen // «Olsahuset» rett over «Svarte steinen» (ved Holmestø). (HK)

Her blei det fiska torsk og sei med snurrevad.

### Littlefly

Utanom Svinkå, kloss i Holmestø. Synleg i klart vatn. Ca. 4 famnar djupt. Hummarfiske. (HK)

### Nora Kråne

Ligg syd-vest av Sirevåg. Ca. 20 famnar djupt. Ognakyrja over Klubben (lite, rundt skjær utføre Skjærpehytta) // «Den blåe» i indre kant av Segleisfjellet. Eller: Kvassheim fyr i ytre kant av Raunen. (baugen av «Nyegg»). (KN)

Bjørndalen over Tanginen (fabrikk s.v. for Ogna st., riven) til Klubben // Kvassheimsfyren over lykta på Raunen. Eller: «Den blåe» over Segleisfjellet (frå indre til ytre kant). (HK)

Her blei det fiska torsk og hyse. Det blei nytta snurrevad.

### Søra Kråne

Ligg ut av Tviboen. Sandbotn.

Bjørndalsnipen over Bekkjarvikodden og sørover til Kloppsteinan (Haver) // «Den blåe» over Segleisfjellet. (KN)

Kvassheim fyr over lykta på Raunen (Godt méd om natta) // Bjørndalen frå Bekkjarvikodden til Kloppsteinen. (Kloppseinen ligg i marka til Trygve Tollesen på sørssida av Rabnafjellet) (HK)

Her blei det fiska torsk og hyse.

Det blei nytta snurrevad. Utforbi her er det steinbotn, og der blei det nytta garn.

### Laugabergflua

Ligg rett ut av Laugaberget. (Laugaberget ligg i Vågan, rett ned frå husa på garden til Kaj Stokkeland)

Trikammen over Laugaberget // Klovne steinar (i Høl-

landsmarka) over Storholmen ( ved osen av Ognaåna ) (HK)

Godt synleg i klart vatn. Her blei det fiska torsk, hyse og sei. Det blei nytta not.

### Kartaflue

Ligg tvers ut av Bekkjarvikodden. Synleg i vatnet. Om lag 3 - 4 m djupt. Ved litt rørslé i sjøen bryt det her. Fiskeplass rundt flua. (KN)

Her blei det fiska hummar, krabbe, lyster og torsk. Det blei nytta garn.

### Bekkjarvika

Hummarfiske.(KN)

### Skjærret

Ligg rett ut av Sirevåg hamn. Godt fiske rundt Skjærret. (KN)

Her blei det fiska lyster, torsk, hummar og krabbe. Det blei nytta garn, dorg og teiner.

### Grunnen

Ligg ut av innseglinga til Sirevåg. Går ca. 300 m nordover og er ca. 50 m brei. Ca. 4 m djupt.

Her blei det fiska lyster, torsk, hummar og krabbe. Det blei nytta garn og teiner.

### Lyraflua

Ligg rett på innsida (nordsida) av Grunnen. Ca. 4 m djupt. (KN) Den nye moloen skal gå hit.

Her blei det fiska lyster, torsk, hummar og krabbe. Det blei nytta garn og teiner.

### Sandarvågsflua

Ligg rett ut av Skorveholmen, som ligg midt i Sandarvågen. Synleg i klart vatn. Lite område. (KN) Her blei det fiska sei og torsk. Det blei nytta not.

### Varpet

Skjer utanfor Skjærpehytta. (MM)

### Hesthammargrunnen

Bjørndalen på Hesthammaren (fjell ved Ognaåna der Helgåna renn ut) // Sauen (Sokndalsstrand) på Kneben (Eigerøy). (MM)

### Skjevlingsflua

Ligg ca. 50 m nord for Skjeret. (HK)

Her blei det fiska hummar.

### Springaren


Ligg ut av Rabnafjellet. Liten grunne. (MM)

### Larsbergopset

Ligg like utanfor Springaren, frå Bekkjarvik til Tvibogflua. (MM)

Egil T. Nærland har nettopp føra Havrahesten.

Foto: Sverre Varhaug.





Ved Husveggstøene rundt 1980. Odd og Jostein Varhaug i ferien.  
Foto: Sverre Varhaug

### **Stora flue**

Ligg syd-vest av *Holmane* på grensa mot Eigersund.  
*Seilsteinen* (på *Egerøy*) på *Skjerpigen* (fjelltopp ut av *Hellyvik*) // *Huset til Arne i Holmane* midt i sundet (innseglinga) inn til *Holmane*. (KN)

### **Andre namn i samband med fisket**

*Floskjerens*: Ligg utanom Austmannberje.  
*Flunå nordan i Ognaholmen*  
*Skjeret synnan i holmen* (*Ognaholmen*).

### **Andre namn som blei nytta til méd**

*Steinståfjellet*: Ligg på Kaj Stokkeland sin gard  
*Slettebø*.

*Lyngtua*: På kartet heiter dette fjellet Kattafjellet og ligg på Kaj Stokkeland sin gard.

*Revan*: (søre- og nore-) Revafjellet på Kaj Stokkeland sin gard.

*Laugaberje*: Ligg ved sjøen rett ned av husa på garden til Kaj Stokkeland.

*Vardatua*: (søre- og nore-)

*Trikkamen* : Ligg i Lintjørnsmarka inn av Mjølhus.

*Smøråsen*: «

*Grønåsen*: «

*Eikåsen*: «

*Kallesteidn*: «

*Klakkjen*: Ligg rett bak husa på Lintjørn.

*Røsekinn*: Ligg rett bak husa til Tor Arne Sundvor

*Bjørndalen*: (Bjørndalsnipen) Ligg i Ualandsmarka. Det er eit av dei høgaste fjella i området.

*Midtre Bjørndalen*: Ligg i Ualandsmarka

*Søre Bjørndalen*: Ligg i Ualandsmarka.

*Ørnasteinen*: Kvalbein.

*Sauahedlå*: Lågt, flatt fjell like sør for Søre Vågen, rett ned av husa til Kaj Stokkeland.

*Austmannberje*: Ligg ytst i Vågane.

*Kveldsmedhompen*: Enden av Austmannberje.

Sør for Sirevåg blei Bjørndalen brukt over desse låge punkta:

*Bekkjen* frå *Loktatjødna*, *Hedlene* (på sørssida av bekken mot Havrastø), *Medodden* (ved Havrastø), *Raua fjedle*, *Havrahesten*, *Hestasnytta*, *Kufjedle*, *Ørnafjedle*, *Tostenfjedle*, *Revurstuå*, *Klaufjedle*, *Kuhedleren*.

### **Informantar nytta av Sverre Varhaug**

Sven Bratland, (SB), f. 1906

Jonas Heien, (JH), f. 1931

Ragnvald Husvegg, (RH), f. 1908

Olav O. Obrestad, (OO), f. 1944

Erling Lerbrekk, (LB), f. 1903

Trygve Nord-Varhaug (TNV), f. 1907

Erik Tjølson Aarsland (ETA), f. 1917

### **Informantar nytta av Kristian Fuglestad**

Konrad Nygaard (KN) f. 1919.

Mathias Mathiassen (MM) f. 1916.

Håkon Kindervåg (HK) f. 1915.

Desse var yrkesfiskarar i dette området frå slutten av 20-åra til ca. 1970.

Mange av dei gamle méda og kunnskapen om dei forsvann då dei gamle gjekk bort.